# ØYGARDEN KOMMUNE

## DETALJREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR

jf plan- og bygningslova (pbl) § 12-7.

**Endring nr 2 av fv229 Nautnes-Hellesøy (PlanID:125920090001)**
**Endring nr 6 av reguleringsplan Hellesøy nord (PlanidID: 125920090003)**
**Endring nr 2 av Sprengsneset hyttefelt (PlanID:125919950002)**

**Saksnr. 22/3171**
**Nasjonal arealplan-ID 125920190010**
**Vedteken dd.mm.åå**
**Sist revidert dd.mm.åå**

## § 1
## INTENSJONAR I PLANEN

Intensjonen med planendringa er å oppgradere kryss mellom fylkesveg Fv 5278 og vegen Sprengsneset, og regulere inn gang- og sykkelveg frå kryss mot Fv 5278 og fram til avkøyrsle mot Hellesøyneset. Planendringa skal også regulere inn møteplassar langs Sprengsneset.

## § 2
## FELLESFØRESEGNER

(pbl § 12-7)

**2.1 Landskap og terreng**

2.1.1 Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggjeplanar og ved gjennomføring av anlegget. Ulike prinsipp for utforming av sideareal, revegetering og utforming av tekniske anlegg, skal gå fram av byggjeplanane.

2.1.2 Alle inngrep som vert gjort i samband med veganlegget skal utformast med omsyn til god terrengtilpassing og utsjånad. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget.

## § 4
## EIGARFORM

**4.1 Offentlige arealformål**

4.1.1 Følgjande areal skal vere offentlege:

- o_SKV1 er offentleg fylkesveg (Fv5278)
- o_SGS1 – o_SGS4 er offentlege gang- og sykkelvegar
- o_SVG1 – o_SVG5 og o_SVG10 er offentlege annan veggrunn grøntareal

**4.2 Felles arealformål**

4.2.1 Følgjande areal skal vere felles private

- f_SKV2 skal vere felles for alle i området
- f_SKV4 skal vere felles for alle eigedomane som har si tilkomst regulert via Hellesøyneset
- f_SKV5 skal vere felles for alle eigedomane som har si tilkomst via Torvvikvegen
- f_SGS5 er felles privat gang- og sykkelveg for alle i området
- f_SVG6 – f_SVG9 er felles annan veggrunn grøntareal for alle i området

**4.3 Annan eigarform**

4.3.1 Følgjande areal har annan eigarform

- SKV3 er privat veg til Gnr 209, bnr. 85.

## § 5
## BYGG OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr.1)

**5.1 Bustader frittliggjande småhusbusetnad**

5.1.1 BFS1 er del av frittliggjande bustadområde der arealet må sjåast i samanheng med tomt 3 i reguleringsplan for Hellesøy Nord med planid 125920090003.

## § 6
## SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 2)

**6.1 Køyreveg**

6.1.1 o_SKV1 er offentleg fylkesveg (Fv5278)

6.1.2 f_SKV2 er felles privat veg Breidde er vist på plankartet og skal vere felles for alle i området.

6.1.3 SKV3 er ein privat tilkomstveg til Gbnr.209/85. Breidde er vist på plankartet.

6.1.4 f_SKV4 er felles privat veg. Breidde er vist på plankartet og skal vere felles for alle eigedomane som har si tilkomst regulert via Hellesøyneset.

6.1.5 f_SKV5 er felles privat veg. Breidde er vist på plankartet og skal vere felles for alle eigedomane som har si tilkomst via Torvvikvegen.

**6.2 Annan veggrunn**

6.2.1 o_SVG1 – o_SVG5 og o:SVG10 er offentleg veggrunn. Arealet kan nyttast til skjering og fylling samt snøopplag. Arealet skal plantast til.

6.2.2 f_SVG6 – f_SVG9
Arealet kan nyttast til skjering og fylling samt snøopplag. Arealet skal plantast til.

**6.3 Gang- og sykkelvegar**

framlegg

framlegg

6.3.1 o_SGS1 – o_SGS4 er offentlege gang- og sykkelvegar og skal opparbeidast i ein breidde vist på plankartet

6.3.2 f_SGS5 er felles gang- og sykkelveg og skal opparbeidast i ein breidde vist på plankartet og skal vere felles for alle i området.

## § 11
## OMSYNSSONER
(pbl § 12-6)

**11.1 Sikringssone** (pbl § 11-8 a)

11.1.1 Innanfor frisiktsonane H140_1 – H140_11 skal avkjørslar ha ei fri sikt på 0,5 meter over plan på tilgrensande veg.